



**Dok. ref.** 16/4071-4/FA - A10, TI - &00/RUNLAN      **Dato:** 02.01.2017

## **Vedtekter for kommunale barnehagar i Øygarden kommune pr. 01.01.17**

### **1 Eigarforhold, forvaltning og administrasjon**

Desse vedtektene gjeld for dei barnehagane Øygarden kommune driv og eig. Utval for levekår har ansvaret for forvaltninga av - og tilsynet med barnehagane i kommunen. Hovudutvalet si administrative tilknytning er rådmannen.

### **2 Føremål**

Barnehagane skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar med tilhøyrande føresegner og retningslinjer.

Barnehagen skal, i den grad vedtektene gjev rom for det, formast i tråd med dei lokale behova slik at tilbodet blir mest mogleg brukartilpassa og fleksibelt.

### **3 Lov- og regelverk**

Barnehagen vert driven i samsvar med «Lov om barnehagar m.v», gjeldande føresegner og retningslinjer fastsette av Kunnskapsdepartementet, kommunale vedtak og plan for den enskilte barnehage.

### **4 Arealutnytting for barnehagar i Øygarden kommune**

#### **a) Heildagsbarnehagar:**

Nedre grense for areal pr. barn over 3 år:	4,0 m <sup>2</sup>
Nedre grense for areal pr. barn under 3 år:	5,3 m <sup>2</sup>

#### **b) Barnehagar med inntil 6 timars opphaldstid pr. dag:**

Nedre grense for areal pr. barn over 3 år:	3,5 m <sup>2</sup>
Nedre grense for areal pr. barn under 3 år:	4,6 m <sup>2</sup>

#### **c) Uteareal:**

Barna sitt leikeareal ute bør vera omlag 6 gonger leike- og opphaldsarealet inne.

### **5 Styringsverket i barnehagane**

Barnehagen skal ha eit samarbeidsutval og eit foreldreråd.

Samarbeidsutvalet består av eit likt tal foreldre/føresette og tilsette i barnehagen. Utval for levekår vel eigarrepresentant med varamann til samarbeidsutvalet til kvar enskild barnehage. Eigarrepresentant /- ane si funksjonstid følgjer valbolken for kommunestyret. Styrar i barnehagen er sekretær for samarbeidsutvalet.

### **6 Opptak**

Øygarden kommune har eit samordna hovudopptak (kommunale og private barnehagar) i mars kvart år, med oppstart til nytt barnehage år om hausten. Suppleringsopptak for born med oppstart i januar vert halde i november kvart år. Opptak av barn elles i året vert føreteke etter kvart som det vert ledige plassar.

Barnehageplass skal fortrinnsvis tildelast born som er busett i Øygarden kommune. Det kan søkjast plass når barnet har fått tildelt personnummer.

Ved tildeling av barnehageplass har opptaksmynde høve til å ta omsyn til det fysiske miljøet, borna sin alder og den eksisterande barnegruppa. Det er difor mogleg å tildele plass i ein annan barnehage enn føresette har søkt.

Dersom ein av barnehagane får ledige plassar i løpet av året, vert det fortrinnsvis prioritert barn frå eiga søkjarliste. Det er difor viktig at føresette set opp prioriteringar som er i tråd med faktiske ønskje og behov.

Føresette har høve til å søkje om overføring frå ein barnehage til ein annan, etter at barnet har begynt i barnehagen. Overføring vert innvilga dersom det er ledig plass og etter at prioriteringsreglane er tekne omsyn til.

Ved søknad om opptak skal det nyttast fastsett skjema, vedlagt naudsynt dokumentasjon. Hovudopptak skal kunngjerast i lokalpressa og ved oppslag på førehand. Søknadsfrist er 1. mars.

*Styrar i kvar barnehage har opptaksmynde etter delegasjon frå rådmannen. Servicetorget koordinerer opptaket.*

#### **Opptakskriterium**

1. Born med nedsett funksjonsevne skal ha rett til prioritet ved opptak (jfr. Lov om barnehagar § 13).

*Krav til dokumentasjon:*

Skriftleg sakkunnig vurdering frå lege, psykolog, logoped, PPT eller andre sosiale - og medisinske instansar.

2. Born det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester skal ha prioritet ved opptak (jfr. §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd).

*Krav til dokumentasjon:*

Skriftleg uttale frå barnevernstenesta.

3. Born med innvandrarakgrunn som treng støtte til integrering i lokalsamfunnet.
4. Born som fyller 1 år seinast innan utgangen av oktober, er busett i Øygarden kommune og har søkt innan fristen for hovudopptak, har rett til å få plass i barnehage fra den månaden bornet fyller 1 år, i samsvar med Lov om barnehagar § 12 a.
5. Søsken av barn som har plass i den omsøkte barnehagen.

Når opptakskriteria er tekne omsyn til, vert borna prioriterte etter søknadsdato og alder.

Opptaksnemnda må utøva stor grad av skjønn.

Tildelt plass kan behaldast til barnet byrjar på skulen eller til foreldra sjølv seier opp plassen.

#### **7. Oppseiing**

Dersom plassen til eit barn vert sagt opp i barnehageåret, gjeld minst 1 månads skriftleg oppseiingstid. Oppseiinga gjeld frå den 1. i kvar måned.

På grunn av problem med å ta inn nye barn i barnehagen på slutten av året, kan ikkje barnehageplassar seiast opp etter 1. mars utan at særlege årsaker ligg til grunn.

## **8. Ferie**

Borna skal ha 4 veker ferie, 3 veker samanhengande i tida 15. juni - 15. august, den 4. veka vert avvikla samanhengande. Foreldra betalar for 11 månader. Juli er betalingsfri månad. Foreldra gjev bindande melding om når borna vert tekne ut til ferie snarast råd, og seinast innan 15. april.

Ferie for personalet vert avvikla med minimum 3 av ferievekene i tida 15. juni - 15. august.

## **9. Permisjon**

Det er høve til å søkja permisjon frå barnehageplassen for minimum 3 månader og maksimum 12 månader. Kriteria for betalingsfri permisjon er at barnehagen har søkjarar som kan nytte plassen i permisjonstida. Frist for å søkje permisjon er 1 månad varsel, rekna frå den 1. i månaden.

## **10 Planleggingsdagar**

I samsvar med A-rundskriv nr. 16/87 er det 5 planleggingsdagar pr. år i h.h.t. barnehagane og skulane sine planleggingsdagar.

Foreldre/føresette vil verta orienterte om fastsette planleggingsdagar i byrjinga av nytt barnehageår. Planleggingsdagar kan ikkje reknast som ferie.

## **11 Opningstid**

Barnehagane er opne gjennom heile året. Heildagsbarnehagane har inntil 10 timar opphaldstid pr. dag, og er opne frå kl.07.00 - kl.17.00

Julaftan og nyttårsaftan held barnehagen stengd. Onsdag før skjærtorsdag er barnehagen open til kl. 12.00.

Utval for levekår fastset dagleg opningstid og dagar for kvar einskild barnehage.

## **12 Foreldrebetaling**

a) Øygarden kommunestyre fastset satsar for foreldrebetaling for plass i barnehagar.

b) Det vert gjeve 30 % søskenmoderasjon for barn nr. 2 og 50 % søskenmoderasjon for barn nr. 3 m.fl.

c) Ingen hushald skal betala meir enn 6 % av bruttoinntekta si for ein barnehageplass. Alle 3-, 4- og 5-åringar, og barn med utsett skulestart, som bur i hushald med låg inntekt har rett til å få 20 timar gratis opphaldstid i barnehage pr. veke. Inntektsgrensa vert vedteke av Stortinget i samband med det årlege budsjettarbeidet. Ordningane med redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid er søknadsbasert. Det skal som hovudregel søkjast for eitt barnehageår om gongen.

c) Foreldrebetaling vert kravd for 11 terminar:

1. termin: 01.08 - 31.08

11. termin: 01.06 - 30.06

Tidsrommet 01.08 - 31.08 er betalingsfri)

e) Foreldrebetalinga står til forfall den 15. i kvar månad og gjeld heile månaden, sjølv om plassen ikkje vert nytta fullt ut. Dersom innbetalinga ikkje skjer etter 2 purringar, kvar med 14. dagars varsel, skal kommunen ved kommunalsjef gå til oppseiing av plassen.

### **13 Matsservering**

Det vert servert mat i heildagsbarnehagane, og betaling for mat kjem i tillegg til foreldrebetalinga. Matpengar er lik for alle barnehagane, og samarbeidsutvalet (SU) i kvar barnehage har innverknad på korleis matsserveringa skal arrangerast.

### **14 Klage**

Foreldre/dei føresette har rett til å klaga på vedtak om opptak av barn og vedtak om betalingssats ved søknader om friplass.

Klage på vedtak om opptak vert først handsama i Utval for levekår. Endeleg klageinstans er formannskapet.

Klage på vedtak i saker som gjeld søknad om friplass vert først handsama i Utval for levekår. Endeleg klageinstans er formannskapet.

Skriftleg klage skal stilast til Øygarden kommune og sendast til einingsleiar for barnehagen innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteke.

### **15 Internkontrollsystem**

Alle barnehagar skal ha dokumentasjon for eit systematisk helse- miljø- og tryggleiksarbeid i samsvar med internkontrollforskrifta av 6. desember 1996.

### **16. Forsikring**

Øygarden Kommune har teikna ansvars – og ulukkeforsikring for alle som har plass i kommunale barnehagar.

*Vedteke av Utval for Levekår 05.12.16.*